

Gledesdag på AFA: Fem APS-plassar tildelt

18.02.2009



Glede på AFA onsdag morgen: Her står frå høgre dagleg leiar Tor Vidar Sæle, NAV-leiar Arild Berg, ordførar Synnøve Solbakken og styreleiar Hans J. Berge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er ei svært god sak som eg vil dela med heile Kvinnherad, sa ordførar Synnøve Solbakken då ho på morgonkvisten onsdag opplyste at kommunen er tildelt fem såkalla APS - arbeidsplassar gjennom tiltakspakka til regjeringa.

Plassane får AFA i Uskedalen som "base" og fire av dei vil vera på plass allereie innan 1. mars. Kommunen ville truleg fått desse plassane uansett, men ikkje før til hausten.



Ordførar Synnøve Solbakken serverte marsipankake – her til styreleiar Hans J. Berge – for å markera den gledelege tildelinga av fem nye arbeidsplassar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det opplyste påtroppende leiar for NAV i Kvinnherad Arild Berg under ein pressekonferanse på AFA onsdag morgen. APS står for arbeidspraksis i skjerma verksemد og desse plassane har tidlegare vore plassert på Stord, noko som har vore ei stor ulempe for kvinnheringane som hadde plassane og som måtte reisa til og frå. No slepp dei altså reisa til Stord.

Dagleg leiar ved AFA Tor Vidar Sæle starta arbeidet med å få flytta dei til Kvinnherad og AFA allereie då han byrja i denne stillinga for snart to år sidan. Men først no har han altså lukkast, i godt samarbeid med NAV.

Berg opplyste at omstruktureringa har påskynda overføringa av plassane frå Stord til Kvinnherad.

- Etter at vi har fått NAV i kvar kommune står vi friare og det er viktig å ha plassane der folk kan få prøva seg i arbeidslivet, understreka han og opplyste at dei vil freista å få enda fleire slike plassar til hausten.

- Plassane fyller eit stort tomrom og styrkar oss kraftig. Vi er ein ekspanderande bedrift, sa ein glad dagleg leiar under pressekonferansen.

Styreleiar Hans J. Berge var ikkje mindre glad og streka spesielt under det gode miljøet som preger samveret mellom dei utviklingshemma og dei andre ved AFA. Han la vekt på at AFA skal ha hovudfokus på det menneskelege.

Ordføraren gav uttrykk for at dei fem nye plassane er eit viktig tilbod og ein stor ressurs for kommunen. Også ho streka sterkt under det menenskelege:

- Her ved AFA lærer dei tilsette å flytta fokus til nokon som treng det meir enn ein sjølv, sa ho. Både ho og NAV vart sterkt rost av styreleiaren for sitt engasjement for verksemda og for å få overført desse arbeidsplassane.

Tildelinga utløysar også trøng for ein ny stilling som tilretteleggjar ved AFA og som vil bli lyst ut omgående. Arbeidsstokken ved Uskedalverksemda vil med dette bli utvida til 43 tilsette. Det er no 30 i varig tilrettelagd arbeid (VTA) og sju i deira stab ved AFA. Talet på VTA-tilsette er auka frå 24 på halvtanna år.

Dei fem nye treng ikkje å ha jobben sin på sjølve AFA heile tida, dei kan gjerne plasserast på til dømes Eidsvik Skipsbyggeri hvis det er trøng for det.

Sæle held fram at plassane vil styrka AFA både arbeidsmessig og økonomisk. Verksemda har allereie hatt fire-fem på liknande, uoffisielle tiltak.

Av Ola Matti Mathisen

